

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 14. februar 2008 etter delegasjon i brev av 26. september 2005 frå Utdannings- og forskingsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2008

## Føremål

Faget skal leggje grunnlag for yrkesutøving i trikotasjeindustrien og framstilling av nyskapande og tradisjonsrike trikotasjeprodukt av høg kvalitet. Faget skal også gi grunnlag for utvikling av kvalitetsmedvit og kunnskap om ny teknologi og råvarer.

Opplæringa skal medverke til at lærlingen utviklar kompetanse i sikker handtering av trikotasjemaskiner, utstyr, råmateriale og styringsverktøy. Vidare skal opplæringa fremme evne til sjølvstende, men også evne til samarbeid med andre faggrupper.

Opplæringa skal leggje til rette for variert trening og praksis i bruk av maskiner og utstyr. Opplæringa skal gi trening i planlegging, gjennomføring, vurdering og dokumentasjon av utført arbeid. Krav til helse, miljø og tryggleik skal inngå i opplæringa. Vidare skal opplæring leggje til rette for fagleg utviklings- og forbetningsarbeid og fremme forståing for effektiv og rasjonell produksjon.

Fullført og bestått opplæring fører fram til fagbrev. Yrkestittel er fagoperatør i trikotasje.

## Struktur

Industritekstilfaget trikotasje er samansett av tre hovudområde som utfyller kvarandre, og som må sjåast i samanheng.

**Oversikt over hovudområda:**

Årssteg	Hovudområde		
Vg3 / opplæring i bedrift	Materiale og førebuingar	Trikotasjeproduksjon	Dokumentasjon og styring

## Hovudområde

Hovudområdet omfattar handtering, kontroll og dokumentasjon av råmateriale. Handtering av garn og utstyr, materiale og mønster og spesifikasjonar og instruksar står sentralt. Vidare dreiar hovudområdet seg om bindingar, maskedanning og tilrettelegging for produksjon.

Hovudområdet omfattar klargjering og handtering av maskiner og råvarer. Strikkeførebuing, bruk av ulike strikkeprinsipp, materialtypar og mønster- og strikkekonstruksjonar høyrer med til hovudområdet. Vidare inngår enkle utrekningar. Hovudområdet omfattar reingjering, vedlikehald, prosesskontroll og optimalisering. Iverksetjing av korrigerande og førebyggjande tiltak innan kvalitetsarbeid og helse, miljø og tryggleik høyrer også med.

Hovudområdet omfattar dei styringssystema bedrifta har for kvalitet, helse, miljø og tryggleik og vedlikehald. Registrering, rapportering og dokumentasjon inngår også. Hovudområdet omfattar kontrolltiltak, gjennomføring og oppfølging av planar.

## Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla der dei medverkar til å utvikle fagkompetansen og er ein del av han. I industritekstilfaget, trikotasje forstår ein grunnleggjande ferdigheiter slik:

Å kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg i industritekstilfaget, trikotasje inneber å dokumentere, rapportere og registrere data og resultat. Det inneber også å drøfte faglege spørsmål og problemstillingar med kollegaer.

Å kunne lese i industritekstilfaget, trikotasje inneber å forstå og følgje skriftlege instruksjonar, planar, datablad, spesifikasjonar og teikningar.

Å kunne rekne i industritekstilfaget, trikotasje inneber å måle varevekt og masketettleik og å gjere overslag over materialbruk og tempo.

Å kunne bruke digitale verktøy i industritekstilfaget, trikotasje inneber å rapportere og kommunisere via datasystem og måleinstrument.

## Kompetansemål

### Materiale og førebuingar

*Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne*

- gjennomføre mottakskontroll og utarbeide dokumentasjon av kvalitet på garn
- handtere og oppbevare garn, utstyr og materiale
- velje og bruke garn, mønster og bindingskonstruksjon i samsvar med spesifikasjonar og krav til effektivitet og rasjonell produksjon
- leggje til rette materiale og utstyr til produksjon

### Trikotasjeproduksjon

*Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne*

- utføre spoling
- byte innstillingar, program og garn til ny kvalitet på strikkemaskina
- gjennomføre kvalitetskontroll og justeringar på maskina og setje i gang produksjon
- forklare og bruke kontrollutstyr og hjelpeprosessar
- skifte binding og nål og utføre justeringar og optimalisering
- gjennomføre produksjonskontrollar, vurdere resultat, registrere avvik og setje i verk korrigerande tiltak
- reingjere og drive vedlikehaldsarbeid i samsvar med instruksjonar
- vurdere risiko og setje i verk tryggingstiltak på maskiner og utstyr i tråd med instruksjonar og gjeldande regelverk for helse, miljø og tryggleik

### Dokumentasjon og styring

*Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne*

- gjere greie for styringssystem
- utføre registreringar, rapporteringar og dokumentasjon
- følgje datablad og handtere kjemikalier i tråd med instruksjonar
- oppbevare og handtere reservedelar og utstyr i samsvar med instruksjonar
- dokumentere utførte kvalitets- og miljøtiltak
- drøfte faglege problemstillingar med kollegaer på tvers av fag
- innhente informasjon og gjere greie for utvikling og ny teknologi i faget

## Vurdering

### Vg3 industritekstilfaget, trikotasje

Føresegner for sluttvurdering:

Hovudområde	Ordning
Materiale og førebuingar	Alle skal opp til fagprøva, som normalt skal gjennomførast innanfor ei tidsramme på tre yrkedagar.
Trikotasjeproduksjon	
Dokumentasjon og styring	
	Alle kandidatar som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, må ha bestått ein eksamen på Vg3-nivå i lærefaget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt.

Dei generelle føresegnene om vurdering er fastsette i forskrift til opplæringslova.